



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Rådhuset i Luster
Statens hjørne
6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 57 64 31 37
fmsfpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen

Jostedalen alpine redningsgruppe
v/ Bjørn Gjeldsten

Sakshandsamar Maria Collett Knagenhjelm

Vår ref. 2017/2959-0
PRIMÆRKLASSERING

Dykkar ref. «REF»

Dato 23.08.2017

Jostedalsbreen nasjonalpark – delegert vedtak - redning på bre, øving med helikopter - Jostedalen alpine redningsgruppe

Delegeringssak (DS) 4/17

I medhald av vedtekter fra Miljødirektoratet datert 7. september 2015 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i møte den 14. mars 2016 gjort vedtak om å delegere handsaming av enkelte saker av til sekretariatet. Vedtaket gjev sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalpark mynde til å treffe vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte heimlane i verneforskrifta, slik som i denne:

**I samsvar med delegeringsfullmakt vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i
punkt 4.3, fjerde strekpunkt i verneforskrifta, å gje Jostedalen alpine redningsgruppe
v/ Bjørn Gjeldsten løye til å nytte helikopter til lågtflyging med det føremål å øve på
redning på bre med helikopter.**

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bruk av helikopter til lågtflyging over Tuftebreen, sekundært Fåbergstølsbreen.
- Løyvet gjeld ein dag i perioden 23. august til 23. september 2017.
- Den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege fridagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Det vert gjeve skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter flyginga, og om eventuelle andre observasjonar.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- E-post frå CHC Helikopter Service as v/ Oddvar Hulbak til Luster kommune v/ Inger Moe, samt telefonsamtaler den 22. august.



-
- Telefonsamtalar med Jostedalen alpine redningsgruppe(JOAR) v/ Bjørn Gjeldsten den 22. august 17.
 - Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
 - Naturmangfaldlova

Søknaden

Luster kommune v/naturforvaltar Inger Moe vidaresendte e-post frå dialog med Oddvar Hulbak frå CHC Helikopter Service as den 22. august 2017. Fordi det ikkje gjeld landing med helikopter i utmark, men berre flyging med underhengjande line, treng ikkje kommunen å gje løyve etter Lov om motorferdsle i utmark. Jostedalen alpine redningsgruppe v/ Bjørn Gjeldsten står som søkjar, og fortalte via telefon om øvinga. Ca. mellom kl. 13 og 17 på torsdag den 24. august skal redningsgruppa, beståande av maks seks personar, trenere med helikopteret frå CHC. Dette firmaet har ei kontrakt på 3 år og 3 mnd om redningsoppdrag, og tek over for SeaKing i Florø. Helikopterselskapet treng også trening for redning på (over)bre. Dei skal også trenere på Folgefonna, men klarar å trenere der utanfor verneområdet, over skisenteret. Justisdepartementet krev at øvinga er gjennomført før 1. september. Dei skal først trenere på nedste del av Tuftebreen i blåisen, deretter på snødekt bre litt lengre oppe. JOAR seier dei prøver å trenere utanfor vernegrenser dersom det er mogeleg. Dei ønskjer eit fleirårig løyve.

Lovgrunnlag:

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstypesmakta kan gje løyve til motorferdsle i samband med øving i redning frå bresprekk., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 fjerde strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot moglege skader og ulempar og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerd korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Helikopterflyginga kan påverke friluftslivet i Krundalen, og august er ein tid med ein god del friluftsliv i dette dalføret. Søkjar understrekar at dette er ei naudsynt redningsøving på bre, etter krav frå Justisdepartementet, og dette må gjennomførast innan 1. september. JOAR seier at dei vil forsøke å minimere uro for folk så langt det er mogeleg.

Nasjonalparkforvaltaren meiner at vilkåra i løyvet vil redusere den avgrense påverknaden noko, men at øvinga er naudsynt, og av avgrensa karakter. Kunnskapen om naturmangfaldet er god, informasjonen er henta frå forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark og miljostatus.no (artar på raudlista, prioriterte artar, viktige naturtypar, utvalde naturtypar og villreinområde), og i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8. Det er sårbart biologisk mangfald i området, men august er utanfor den sårbare perioden. Forvaltar kan informere via sosiale medium til folk i området at det vil foregå ei øving, slik at irritasjonen over støy i området kan reduserast noko.



Forvaltar meiner vidare at samla belastning av tiltaket (§ 10) er akseptabel, då det er lite anna motorisert ferdsla i området . Føre-var-prinsippet får difor liten vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Det er ikkje alternative driftsmetodar for å trenre redning med helikopter enn med helikopter (§12). Av omsyn til folk som ferdist i området, er det vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet.

Forvaltar har berre delegert mynde til å avgjere søknaden for denne øvinga, for fleirårige løyve må Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjere vedtak.

Klage

Avgjerdsbla i dette brevet kan klagast inn for Miljødirektoratet av alle partar i saka, eller andre som har rettsleg klageinteresse, innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal då sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre v/ sekretariatet, men stilast til Miljødirektoratet. Sekretariatet kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Med helsing

Maria Knagenhjelm
Nasjonalparkforvaltar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga underskrift.

Kopi pr. e-post til:
CHC Helikopter Service as v/ Oddvar Hulbak
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljødirektoratet
SNO Jostedalsbreen
Luster kommune